
Saksnr: 2020/77154-60
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 08.02.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Rutinar og rettleiing for planlegging i Vestland- samarbeid og medverknad

Seksjon for plan, klima og folkehelse ønsker å få på plass gode rutinar og rettleiing i planlegginga i fylkeskommunen. Dei har tatt kontakt med fylkeseldrerådet for å orientere om arbeidet og for å drøfte og få innspel frå rådet om korleis ein kan få til eit best mogleg samarbeid. Orienteringa vert i møte 2. mars.

I e-post til rådet skriv dei at planlegging er eit sentralt verkemiddel for samfunnsutvikling i fylkeskommunen, og at omgrepet planlegging femner om utarbeiding av alle typar planar i Vestland sitt plansystem:

- Regionale planer etter plan og bygningslova
- Temaplanar, der fylkeskommunen har stor påverknad mot samfunnet
- Strategiar som gjer retning for eit eller fleire sektorar sitt arbeid.

Det vil i denne perioden til dømes utarbeidast sju regionale planar, fleire temaplanar og strategiar og rullere fleire handlingsprogram.

Rådet oppmodast til komme med tankar om erfaringar og forventingar til medverknad i planprosessar. Dette for å sikre at medverknadsorgana kan få moglegheit til å medverke på best mogleg vis i det arbeidet som skjer framover.

Vedlegg

- 1 Utviklingsplan for Vestland
- 2 Samarbeid medverknad høyring ettersyn
- 3 Regional planlegging prosesskart